

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/3757-2

Høring om endringar i opplæringslova og friskulelova

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for opplæring vedtek høringsfråsegn slik denne kjem fram i saksutgreinga.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet sende framlegg til endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringsloven og lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittståandeskular (friskuleloven) på høring den 20 april 2016. Høringsfristen er sett til 1. august 2016. Høringsnotatet er tilgjengeleg på regjeringen.no. Lovforslaga er ei oppfølging av NOU 2015:2 *Å høre til* som hovudutval for opplæring handsama i [sak - 14/2015](#).

Høringsnotatet inneheld framlegg til nytt kapittel om skulemiljø i opplæringslova. Det vert mellom anna føreslege

- ny aktivitetsplikt og skjerpet aktivitetsplikt om det er tilsette som krenker elevar
- ny handhevingsordning ved brot på aktivitetsplikta
- heimel for pålegg om retting og pålegg om tiltak ved brot på aktivitetsplikta
- heimel for tvangsmulkt for å sikre oppfylling av pålegg ved brot på aktivitetsplikta
- ny plikt for skulen til å informere elevar og føresette om reglane i kapitlet om skulemiljø

Fylkesdirektøren for opplæring har sendt notatet til elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane og ungdomspolitisk utval. Det er ikkje kome inn innspel.

Bakgrunnen for dei føreslegne endringane er at det trass i nedgang i tal elevar som vert mobba, er det framleis elevar som ikkje trivst og opplever mobbing eller andre krenkelsar på skulen.

2. Vurderingar

Opplæringslova kapittel 9a – elevane sitt skulemiljø

- **Rett til et trygt og godt skulemiljø**

I opplæringslova § 9a-1 står det at *alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

Elevane sitt skulemiljø er summen av både det fysiske og det psykososiale miljøet på skulen, og desse påverkar kvarandre gjensidig. Departementet meiner at elevane sin rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø framleis bør stadfestast i ei felles overordna avgjerd. Berepet skulemiljø famnar om både det fysiske og psykososiale miljøet på skulen, og departementet meiner det er unødig å presisere dette i sjølve lovteksten. Det bør være tilstrekkeleg at det står skulemiljø i kapitlet si overskrift og i ordlyden i avgjerslene. Departementet meiner vidare at uttrykket **trygt** eignar seg til å skildre og tydeleggjere elevane sin rett. Ved å ta inn både **trygt og godt** meiner departementet at det ikkje vil vere rom for å kunne misstydde eller tolke lovteksten innskrenkande.

Fylkesdirektøren for opplæring støttar vurderingane og framlegg til endring som departementet føreslår i opplæringslova § 9a-1

Dei viktigaste endringane departementet gjer framlegg om i det nye kapitlet om skulemiljø er å klargjere og skjerpe aktivitetsplikta og skulen si plikt til å informere elevar og føresette om reglane i kapitlet for skulemiljø.

- **Aktivitetsplikt**

Det følgjer av opplæringslova § 9a-3 andre ledd at vilkåret for at aktivitetsplikta skal tre i kraft er at ein tilsett ved skulen har fått kjennskap til, eller mistanke om at ein elev er blitt utsett for ei krenking. Målet med dagens § 9a-3 er at alle saker om krenking skal bli løyst i skulen, men departementet sine vurderingar er at dette ikkje har fungert etter føremålet. Regelverket er ikkje godt nok kjent, lite tilgjengeleg og vanskeleg å forstå.

Kunnskapsdepartementet gjer i høyringsforslaget følgjande framlegg om aktivitetsplikta:

- Skulane skal ikkje lenger ha ei plikt til å treffe enkeltvedtak når ein elev eller føresette ber om tiltak knytt til skulemiljøet
- Aktivitetsplikta må femne vidt om regelverket skal virke og elevane vere sikra eit trygt og godt skulemiljø. Departementet legg difor til grunn at plikta skal gjelde for både pedagogisk og skuleadministrativt personell og for andre som regelmessig oppheld seg på skulen.
- Aktivitetsplikt for skulen skal innehalde fleire delplikter; plikt til å følgje med, undersøke, gripe inn, varsle skuleleiinga og skuleeigar og sette inn tiltak.
- Aktivitetsplikten varer så lenge krenkingane ikkje er stansa, og eleven ikkje har det trygt og godt på skulen.
- Det er ikkje trong for en særskilt dokumentasjonsplikt knytt til utøving av aktivitetsplikta, men det er forventat at skulen har notat som er egna til å etterprøva at aktivitetsplikta er oppfylt
- Det vil vere ei føremon at det i lova blir retta særleg merksemd på at aktivitetsplikta også gjeld i tilfelle der tilsette krenker elevar.
- Elevane skal ha eit sikkerheitsnett og det skal etablerast ei handhevingsordning innafor det statlege tenestemannsapparatet. Fylkesmannen får ansvar for denne ordninga.

Fylkesdirektøren for opplæring meiner at slik presiseringane og endringane er fremja av departementet i høyringsnotatet, vil dei sikre elevane sine rettar til eit trygt og godt skulemiljø. Fylkesdirektøren støttar framlegget.

- **Skulen si plikt til å informere elevar og føresette om reglane i kapitlet for skulemiljø**

- Departementet gjer framlegg om at det blir lovfesta ei plikt til å informere elevar og føresette om rettane i nytt kapittel 9 A.

Fylkesdirektøren for opplæring støttar dette forslaget.

3. Økonomiske og administrative konsekvensar

Fleire sider ved lovforslaget til endringar i kapittel 9 A om skulemiljø medverkar til å klargjere rettar og saksgang samanlikna med dagens reglar.

Tabellen under syner einskilde lovframlegg sine økonomiske/administrative konsekvensar

Endringar i	Administrative konsekvensar	Økonomiske konsekvensar
Informasjonsplikt Aktivitetsplikt	oppdatering av instruksar, rettleiingar og informasjonsmateriale	løysast innan eksisterande budsjett
Handhevingsordning	eitt årsverk per fylkesmannsembete og midlar til Utdanningsdirektoratet	17 mill.
Tvangsmulkt	positiv menneskelege konsekvens	positiv samfunnsøkonomisk effekt

4. Konklusjon

I arbeidet med nytt kapittel 9a om elevane sitt skulemiljø, har departementet vore oppteken av at lovtæksten skal vere enkel å forstå og følgje. Desse endringane i struktur og språk fører til at reglane er meir brukarvennlege samtidig som dei opprettheld det rettslege innhaldet.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑